

Sjå adresseliste

Vår ref:
2022/104-4

Sakshandsamar:
Lena Kleven Flateland
☎ 379 37 500
lena.kleven.flateland@konsesjonskraft
.no

Arkiv:

Dato:
17.01.2025

Selskapsavtale 2025-2029 - revisjon grunna endring i eigardel

I tråd med Selskapsavtala § 11 og IKS-lova § 4 skal selskapsavtala reviderast ved endringar i eigardel, og avtala skal handsamast på nytt av alle deltakarane i kommunestyret og fylkesting. Representantskapet i Konsesjonskraft IKS har vedtatt, i sak 13/24 *Revisjon av selskapsavtale grunna endring av eigardel*, at revidert selskapsavtale blir vedteke og oversendt kommunestyra og fylkestinget for behandling.

Revidert selskapsavtale og fullstendig saksgang er vedlagt, og de står fritt til å nytte informasjonen i dette brevet til saksframlegg i kommunestyret og fylkestinget. Me ber om at saka vert prioritert i kommunestyre/fylkesting.

Bakgrunn for saka:

I Konsesjonskraft IKS er eigardel fordelt ut frå konsesjonskraftvolumet til den einkilde kommune. Ved store endringar i volum vil eigardel bli endra i tråd med paragrafane i IKS-lova og gjeldande Selskapsavtale. Langsiktige kraftavtaler som Kvinesdal kommune, Sirdal kommune og Vest-Agder fylkeskommune hadde inngått før dei vart deltakarar i KIKS er nå gått ut, og desse konsesjonskraftvoluma har nå som avtalt gått inn i selskapet. Eigardelane vert då justert tilsvarande, og full effekt for årsvolumet vil gjelde frå 2025.

Vurdering:

Endringane i selskapsavtalen som er vedlagt er som følgjer:

§ 1 – Firma

- Den reviderte selskapsavtalen vil erstatte den eksisterande selskapsavtalen når den blir vedtatt, har derfor endra siste ledd til å nå lyde «(...) erstattar tidlegare selskapsavtale frå desember 2020».

§ 11 – Eigardel og ansvarsdel

- Her er tabellen med eigardelar endra til å vere gjeldande frå 1.januar 2025:

| Eigardel pr 1.1.25 | i % |
|---------------------------|------------|
| Agder fylkeskommune | 54,05 % |
| Sirdal kommune | 8,44 % |
| Bykle kommune | 7,77 % |
| Kvinesdal kommune | 7,73 % |
| Åseral kommune | 3,39 % |
| Valle kommune | 3,32 % |
| Bygland kommune | 2,57 % |
| Vennesla kommune | 2,57 % |
| Froland kommune | 1,91 % |
| Lindesnes kommune | 1,52 % |
| Åmli kommune | 1,46 % |
| Iveland kommune | 1,32 % |
| Flekkefjord kommune | 1,04 % |
| Evje og Hornnes kommune | 0,77 % |
| Arendal kommune | 0,76 % |
| Grimstad kommune | 0,62 % |
| Birkenes kommune | 0,40 % |
| Lyngdal kommune | 0,28 % |
| Kristiansand kommune | 0,06 % |
| Hægebostad kommune | 0,02 % |

§ 17 – Andre reglar

-Her er også referansen til tidlegare selskapsavtale endra.

-Det er også endra tidspunkt for når intensjonen er å reforhandle selskapsavtalen. Selskapsavtalen varer ut 2029, og grunnen til at det stod at den skulle reforhandlast i 2024 var at ein tidlegare skulle ta omsyn til ein fem års sikringsstrategi. Vi har no ein tre års sikringsstrategi, så det er difor endra til reforhandling i 2026.

Forslag til vedtak:

Kommunen/fylkeskommunen godkjenner ny selskapsavtale for Konsesjonskraft IKS.

Dersom det er nødvendig med meir informasjon og/eller opplysningar kan de ta kontakt med oss. Ber om at kopi av vedtak blir sendt på e-post til

post@konsesjonskraft.no.

Med helsing

Lena Kleven Flateland
Administrativ leiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.

Adresseliste:

| | | | |
|-------------------------|---------------------|------|-------------|
| Agder fylkeskommune | Postboks 788 Stoa | 4809 | Arendal |
| Bykle kommune | Sarvsvegen 14 | 4754 | Bykle |
| Bygland kommune | Sentrum 18 | 4745 | Bygland |
| Iveland kommune | Frikstadveien 20 | 4724 | Iveland |
| Valle Kommune | Postboks 4 | 4747 | Valle |
| Evje og Hornnes kommune | Kassernevegen 19 | 4735 | EVJE |
| Arendal kommune | Postboks 780 Stoa | 4809 | ARENDAL |
| Grimstad kommune | Postboks 123 | 4891 | GRIMSTAD |
| Åmli kommune | Gata 5 | 4865 | ÅMLI |
| Froland kommune | Frolandsveien 995 | 4820 | FROLAND |
| Birkenes kommune | Postboks 115 | 4795 | BIRKELAND |
| Sirdal kommune | Tonstadveien 28 | 4440 | TONSTAD |
| Flekkefjord kommune | Kirkegaten 50 | 4400 | FLEKKEFJORD |
| Kvinesdal kommune | Nesgata 11 | 4480 | KVINESDAL |
| Åseral kommune | Gardsvegen 68 | 4540 | ÅSERAL |
| Hægebostad kommune | Birkeland | 4595 | TINGVATN |
| Lindesnes kommune | Nordre Heddeland 26 | 4534 | MARNARDAL |
| Vennesla kommune | Postboks 25 | 4701 | VENNESLA |
| Kristiansand kommune | Postboks 4 | | Nodeland |
| Lyngdal kommune | Postboks 353 | 4577 | LYNGDAL |